



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 31.08.2018
Vår ref.: 2017/6269-10
Saksbehandlar: catgra1
Dykkar ref.:

Søknad om tilskotsmidlar - KMD - Tilskotsordning: Byutviklings- og Byvekstavtalar

Vi viser til brev av 15. mai 2018 om tilskot til arbeidet med arealtiltak i byvekstavtalar for dei ni største byområda, mellom dei Bergensområdet.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 13. og 14. juni 2017 forslaget til Byvekstavtale mellom staten, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, og *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028* (RATP). Fylkestinget vedtok 10. desember 2014 *Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel* (Senterplanen). Senterplanen legg til rette for utvikling av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport, og er tett knytt til RATP. Etter invitasjon frå Samferdselsdepartementet 17. april 2018, gjennomførte regionsenterkommunane i Bergensområdet, Bergen kommune og fylkesmannen i juni 2018 første forhandlingar om ny byvekstavtale i Bergensområdet.

Som bidrag til oppfølging av RATP og byvekstavtalen, fekk Hordaland fylkeskommune i 2017, saman med regionsenterkommunane og Bergen kommune, tilsegn om midlar til *Felles fagleg grunnlag for parkeringspolitikk, Forprosjekt regionalt bustadbyggeprogram - balansert og variert bustadtilbod i regionsentera* og *Forprosjekt regional sykkel*. For forprosjekt for bustadbyggeprogram har ein søkt om utsett endeleg rapportering (til april 2018). Forprosjekt for sykkel og parkeringsprosjektet blir avslutta i år, med rapportar og rapportering til departement.

Fylkeskommunen, Bergen kommune og regionsenterkommunane i Bergensområdet, fylkesmannen, Husbanken og Statens vegvesen hadde 23. august 2018 møte om oppfølging av byvekstavtalen, RATP og Senterplanen. I møtet blei det tilrådd at Hordaland fylkeskommune skulle søke om midlar til 3 prosjekt: *Hovudprosjekt regionalt bustadbyggeprogram - balansert og variert bustadtilbod i regionsentera*, *Kommunale sykkelstrategiar*, og til *Handel og byliv i sentera i Bergensområdet*.

Dei tre søknadene til tilskotsordninga Byutviklings- og byvekstavtalar ligg som eige vedlegg.

Marit Rødseth
plansjef

Cathrine Grasdal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.